

1 **U8: Jernbane er naudsynt**

2 Årsmøtet i Troms og Finnmark SV meiner at 2019 må bli året då vi nordlendingar
3 står samla bak kravet om at utbygginga av jernbane i Nord-Noreg må starte.

4 Veksten i trailertrafikk med dei konsekvensane vi har sett på nordnorske vegar i
5 vinter er nok eit viktig argument for jernbane. Vegane kan ikkje ta unna for den
6 aukande veksten i godstransport, både kvalitet og framkommelegheit på vegane
7 tilseier at vi no må ha eit alternativ. Det alternativet er tog og skip.

8 Nord-Noreg fortener eit alternativ til flyet – det alternativet kan berre vere ein
9 jernbane. Vi ser tydelegare og tydelegare at klimaendringane grip om seg. Skal vi
10 kunne nå dei måla vi har sett internasjonalt må toget vere ein del av løysninga.

11 For Nord-Noreg vil tog binde by og land tettare saman. Ein rask jernbane vil bringe
12 gjere det mogleg for fleire å bo i distrikta, sidan fleire arbeidsplassar blir innafor
13 behageleg dagpendlaravstand. Det vil utvikle seg større bu- og
14 arbeidsmarknadsregionar og det vil skapevekst i næringslivet.

15 Troms og Finnmark SV krev derfor:

16 • Bygging av Nord-Noreg-banen, må inn i neste NTP.

17 Troms og Finnmark SV ber om at alle politiske parti legg trykk bak dette kravet
18 overfor sine nasjonale organisasjonar.

19